

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 05.06.2019**

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget legg til grunn at framlegget om nedlegging av bomstasjonane Åsanevegen og i Åsanemyrane, samt flytting av bomstasjonen i Tellevikvegen til E39 ved Nordhordlandsbrua, vil vere innanfor dei krava som er settet til endringar i bompenger i Prop. 11 S (2017-2018).
2. Fylkestinget rår til at endringar i bomstasjonsplassering i Åsane vert gjennomført slik det er foreslått. Dette vil eliminera urimeleg forskjellsbehandling av internreiser i bydelen og har lågare innkrevingskostnader.
3. Fylkestinget vil i samarbeid med Bergen kommune prioritera finansieringsbidraget på 1,5 mrd. kr. til ringvegaust, byggetrinn Vågsbotn – Klauvaneset, og i tillegg arbeida for at dette prosjektet vert prioritert høgt i Nasjonal transportplan 2022-33 med snarast moglegbyggjestedt. Ei flytting av bomstasjonen til E39 ved Nordhordlandsbrua skal medverka til å sikra finansiering og tidlegare oppstart av den nye vegstrekninga.
4. Fylkestinget syner til den aukande trafikken og køproblema på strekninga Vågsbotn-Klauvaneset og vil ta initiativ til ei ytterligare styrking av kollektivtilbodet i Åsane og mellom Bergen og Nordhordland.
5. Plassering av bomstasjonar og takstnivå i bomringen i Bergen skal evaluerast våren 2020 basert på erfaringstal for passeringar. Evalueringa skal gje grunnlag for å vurdere om dagens plassering av bomstasjonar i heile Bergen bør endrast. Den totale bompengebelastninga i Bergen og omland er for høg. Fylkestinget vil arbeida for at den statlege finansieringa av prosjekta vert auka. I tillegg vil fylkestinget krevja ei betre samordning avbompengepakkene i og rundt Bergen slik at belastninga på trafikkantane vert meir rettferdig.»

**Renate M. Klepsvik (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget går inn for å fjerne ytre bomring i Bergen. FT ber om at alle delprosjekt i Miljøloftet blir gjennomgått med sikte på å redusere kostnader og/eller ta ut delprosjekt for å redusere bompengebelastninga i Bergen.»

## **Røysting**

Klepsvik sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Rasmussen sitt forslag fekk 5 røyster (A og MDG) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 8 røyster (Sp, H, V, SV og KrF) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget legg til grunn at framlegget om nedlegging av bomstasjonane Åsanevegen og i Åsanemyrane, samt flytting av bomstasjonen i Tellevikvegen til E39 ved Nordhordlandsbrua, vil vere innanfor dei krava som er settet til endringar i bompenger i Prop. 11 S (2017-2018).
2. Fylkestinget viser til framlegget til ny bomstasjonsplassering i Åsane fører til at reisande mellom Nordhordland og Nordre Åsane må betale bompengar, og at reisande mellom Nordhordland og Arna må betale bompengar begge vegar. Ny bomstasjonsplassering fører også til at det blir

bompengeinnkrevjing på begge sider av Nordhordlandsbrua ved oppstart av Nordhordlandspakken. Sjølv om reisande internt i Åsane bydel slepp å betale bompengar med den føreslåtte endringa i bomstasjonar i Åsane, meiner fylkestinget at dei føreslåtte endringane ikkje vil vere meir i tråd med nytteprinsippet eller er meir rettferdig enn dagens bomstasjonsplassering. Fylkestinget vil difor ikkje rå til endringar i bomstasjonsplassering i Åsane no.

3. Plassering av bomstasjonar og takstnivå i bomringen i Bergen skal evaluerast våren 2020 basert på erfaringstal for passeringar. Evalueringa skal gje grunnlag for å vurdere om dagens plassering av bomstasjonar i heile Bergen bør endrast.